

Opptak av elevar skal skje i samsvar med gjeldande reglar i folkehøgskulelova, og i dette opptaksreglementet fastsett av skulen sitt styre. Dette reglementet vart fastsett av skulen sitt styre (10.juni 2026) i tråd med folkehøgskulelova § 9.

1. Generelt

Skulen vil årleg ta opp 102 elevar. Søknader blir tekne imot frå 15. oktober året før oppstart.

2. Opptakskriterium – grunnvilkår

1. Søkjar må ha fylt 18 år innan 31.desember det året hen startar på skulen.
2. Maksimalt ti prosent av elevane kan vere statsborgarar frå land utanfor EØS-området og Storbritannia.
3. I søknaden må eleven gjere greie for motivasjonen for å starte på skulen.

4. Prioritering ved fleire søkjarar enn kapasitet

Dersom talet på kvalifiserte søkjarar overstig kapasiteten ved skulen eller på dei einskilde linjene, blir søkjarane prioriterte etter desse kriteria:

- a) Søkjarar som gjennom søknaden viser motivasjon for verdigrunnlaget til folkehøgskulen, fellesskapet og dei aktuelle linjetilboda.
- b) Omsynet til eit mangfaldig elevmiljø med variasjon i bakgrunn, erfaringar, interesser, alder, geografisk tilhøyrslø og livssituasjon.
- c) Søkjarar som blir vurderte til å kunne bidra positivt til bu- og læringsmiljøet ved skulen.
- d) Eventuelle linjespesifikke kriterium som er kunngjorde i same dokument.

3. Linjespesifikke kriterium

Game Art

- Tekniske krav:
 - Berbar PC med Windows 10 eller nyare, eller Mac med MacOS 11 eller nyare. Du bør ha minst 8 GB RAM (minne) på din PC/Mac.
 - Et tegnebrett. Størrelse på tegnebrett er ikkje viktig, men merkene Wacom og Huion er gode merker som kan anbefalast.
- Opptak kan avgjerast av kapasitet på linjene.
- Motivasjonstekst som grunngir kvifor du søker denne linja
- Relevant interesse eller erfaring kan bli vektlagt.

Game Design

- Teknisk krav:
 - en egen datamaskin av nyare dato. Maskinen skal innehalde Windows 10 / OSX 13 (Ventura) eller nyare.
- Opptak kan avgjerast av kapasitet på linjene
- Relevant interesse eller erfaring kan bli vektlagt.

Game Music

- Tekniske krav:
 - Studiohodetelefoner: som for eksempel Beyerdynamic DT 770 PRO 80 ohm eller the t.bone HD 815.
 - MIDI-kontroller: som for eksempel Akai APC Key 25 MK II eller Novation Launchkey Mini 25 MK4.
 - Lydkort (viss mogleg): som for eksempel Focusrite Scarlett Solo eller Audient EVO 4.
 - Laptop: Windows 10 eller 11. 5th generation Intel® Core™ i5 processor eller AMD Ryzen processor. 8 GB RAM. Ca. 10 GB lagringsplass. OBS: Windows ARM chips er ikkje compatible. MacOS 11 Big Sur eller nyare. Intel® Core™ i5 processor eller Apple Silicon. 8 GB RAM. Ca. 10 GB lagringsplass.
- Opptak kan avgjerast av kapasitet på linjene.
- Relevant interesse eller erfaring kan bli vektlagt.

Kunst+

- Søkaren treng ikkje å ha noko erfaring i faget, vi tar gjerne imot nybegynnarar.
- Opptak kan avgjerast av kapasitet på linjene.
- Relevant interesse eller erfaring kan bli vektlagt.

Skuespiller

- Søkaren treng ikkje å ha noko erfaring i faget, vi tar gjerne imot nybegynnarar.
- Søkaren må vera i stand til å møte opp til undervisninga på dagleg basis.
- Søkaren må vera motivert for å delta og bidra aktivt i linjefagstimane.
- Opptak kan avgjerast av kapasitet på linjene.
- Relevant interesse eller erfaring kan bli vektlagt.

Musikk

- Jamn fordeling av instrument
- Søkaren må kunne spele eit instrument
- Vokal blir rekna som instrument
- Søkaren må ha sjangermotivasjon.
- Relevant interesse eller erfaring kan bli vektlagt.

- Opptak kan avgjerast av kapasitet på linjene

4. Gjennomføring av opptak

Opptak av elevar startar 15. november året før nytt folkehøgskuleår. Dersom skulen deretter har ledig kapasitet, blir det gjennomført løypande opptak fram til skulestart.

Kriterium for prioritering dersom det er fleire søkjarar enn plassar ved skulen eller at to søkjarar står heilt likt:

Skulen må ha kapasitet/ressursar til å ta imot den einskilde eleven.

Dersom skulen har **1 ledig plass**, og to søkjarar har akkurat same motivasjon og oppfyller alderskrava, bruker opptakskontoret desse tre konkrete skiljelinjer for å velje:

1. **Søknadstidspunkt**
2. **Kjønns- og linjebalanse**
3. **Kompetansemiks**
 - **Døme for Game Art:** Erfaring med digital vs. analog kunst

5. Svar på søknad

Svar på søknad blir sendt ut seinast 16. november, og deretter seinast innan ti dagar i perioden for løypande opptak.

Dersom ein søkjar som har fått avslag oppfyller opptakskriteria, vil vedkomande få tilbod om ein nummerert plass på venteliste.

Avgjerder om opptak er enkeltvedtak, og reglane i forvaltningslova gjeld. Skulen sitt styre er klageinstans, og klagefristen er tre veker.